



Tore Morland
Hellevarden 27
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/499 - 14/2649

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
17.03.2014

Byggesak Gbnr 33/2 Hella indre - etablering av parkeringsplass og utviding av båtopptrekk - løyve

Delegasjonssak nr.: 46/2014
Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Saksutgreiing:

Adresse : Hellevarden
Tiltakshavar : Tore Morland
Ansvarleg søker : Byggmester Inge Bauge
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om opparbeiding av parkeringsplass og utviding/utbetring av eksisterande båtopptrekk i Naustvågen. Der er opplyst at planeringsområdet for parkeringsplass er om lag 190m².

Det vert elles vist til søknad mottatt 19.02.2014.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen Naustvågen (plan id: 12602010000500) er definert som parkeringsareal og anna veggrunn.

Uttale anna mynde

Søknaden er sendt til planfagleg uttale hjå planavdelinga i Radøy kommune. Planavdelinga skriv i notat datert 25.02.2014:

«Naustvågen er regulert i detaljplan med reguleringsendring, plankart datert 22.01.2014. Så langt eg kan vurdere kartutnittet som ligg ved denne saka er søknad om parkering og båtopptrekk i tråd med reguleringsplan. Det er ikkje behov for å handsame søknad om dispensasjon i frå reguleringsplan.

Dispensasjon

Godkjenning av tiltaket synest å ikkje krevje dispensasjonar.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med PBL. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 19.02.2014.

Vatn og avløp (VA)

Søknaden omfattar ikkje etablering av anlegg for vatn og avløp.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med plan- og bygningslova § 27-4.

Avkjøring til offentlig veg følgjer av reguleringsplan.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering. Det er ikkje søkt om terrengendringar, byggjesaksmynde i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrengendringar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Bygningsstyresmakta vurderer at tiltaket kan godkjennast som omsøkt,

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Byggmester Inge Bauge**, org.nr. 982260369, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK).

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Byggmester Inge Bauge**, org.nr. 982260369, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering uteareal og landskapsutforming.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Byggmester Inge Bauge**, org.nr. 982260369, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring uteareal og landskapsutforming.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.02..2014 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3/12 veker frå denne dato.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 20—1 I vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for planering på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden.
2. Det må sendast inn snitteikningar som syner terrengendringane før arbeida tek til.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det **GODKJENT ANSVARSRETTAR** for:

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Byggmester Inge Bauge, org.nr. 982260369	L	SØK	1	Ansvarleg søkjer
Byggmester Inge Bauge, org.nr. 982260369	L	PRO	1	Ansvarleg prosjekterande grunnarbeid og landskapsutforming
Byggmester Inge Bauge, org.nr. 982260369	L	UTF	1	Ansvarleg utførande grunnarbeid og landskapsutforming

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 11.2.4	Basisgebyr konstruksjonar/anlegg	kr	16 800,00
KODE 10.2.9b	Godkjenning av ansvarsrett, lokalgodkjenning	kr.	770,00
SUM		kr	17 570,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tore Morland

Hellevar den 27 5936

MANGER